Spreier glede til jul!

07.12.2016

Helselagsdamer i full gang med pakking.

Uskedal Helselag gjev stadig positive bidrag. No i førjultida er dei opptatt av å spreia juleglede til eldre og sjuke. I dette arbeidet har dei to tiltak med lange og gode tradisjonar. Tirsdag kveld var om lag 10 helselagsdamer samla i Gamleskulen for å pakka inn julegåver til pasientar ved sjukehuset på Valen. I tillegg er dei i gang med å gje juleblomar til eldre og sjuke.

Tradisjonen med pakkar til Valen er svært gammal. Ein må nok søkja i gamle protokollar for å finna eksakt kva år det starta. Margit Eik og Hilda Guddal er dei to i pakkegjengen som kom først med i helselaget. Det var i 1963. Dei kan stadfesta at pakkesendinga starta etter det. I førstninga var ordninga slik at kvart einskilt medlem tok med seg ting dei hadde laga eller kjøpt, heimanfrå. Seinare gjekk ein over til at laget kjøpte inn gåvene.

Pakkinga tirsdag gjekk unna i ein fei. Ei kutta til pakkepapiret, nokre pakka inn pakkane før dei til slutt vart pynta med glinsande juleband. Flotte pakkar vart det! No er dei klare til å sendast med Nils Haugland som jobbar ved Valen sjukehus.

Helselaget hugsar også på fleire med helsingar i samband med jula. Det er tradisjon at laget gjev blom til alle i bygda over 90 år. I tillegg gjev dei til alle uskedelingar som bur på sjukeheimane i kommunen. Denne utdelinga startar i desse dagar. Dette vert også sett stor pris på.

Margit Eik(f.v.), Selma Eik og Hilda Guddal har vore aktive i helselaget i mange år.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland